



Eid kommune

Plan- og utviklingsavdelinga

Anne-Kjersti Stenehjem

Vår ref:

Sak: 16/20557 JpID: 17/387 Sbh: KKO

Dykkar ref.

sekretær fylkesrådet eldre S&F

Dato:

11.01.2017

Referat fellesmøte eldreråd i Nordfjord 6. februar 2017

Til stades:	<u>Frå Stryn:</u> Harald Ekroll (leiar), Karin Aaning (nestleiar), Helma Krumsvik (medlem) <u>Frå Selje:</u> Marita Aarvik (medlem), Åge Starheim (leiar), Svein Barmen (sekretær) <u>Frå Eid:</u> Anne Mari Aalberg (leiar), Kasper Hjelle (nestleiar) <u>Frå Gloppen:</u> Egil Holme (medlem), Hans Myklebust (medlem), Olav Moritsgård (leiar), <u>Beate Kornberg</u> (sekretær) <u>Frå Bremanger:</u> Åshild Leirgulen (leiar), Lillian Myren (medlem), Gunvald Sundøy (nestleiar), Erna Melvær (medlem) <u>Frå Vågsøy:</u> Roar Løddøen (leiar), Kristin Hafsås (nestleiar), Reidun Błaalid (medlem), Jonas Rimstad (medlem)
Møteleiar:	Anne Mari Aalberg (leiar Eid eldreråd)

Agenda:	Innspel:
Ein frå kvar kommune fortel om kva dei jobbar med og utfordringar	<p>Stryn: Stryn har felles råd for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne. Den kulturelle spaserstokken, eldrerådet har ikkje eit direkte forhold til søknaden om midlar, det er andre aktørar i kommunen som søker. For 2017 har to omsorgssenter og Stryn Frivilligsentral søkt om pengar. Dette fungerer bra. Vi har god kontakt med aktuelle lag og organisasjonar i kommunen. Vi arbeidar mykje med planar, dette er ei prioritert oppgåve. I revisjon av trafikktryggingssplanen var rådet veldig engasjert og nesten alle innspela til planen vart tekne omsyn til. Vi opplev at vi har nådd fram. Rådet har god kontakt med administrasjonen i kommunen og i løpet av året får vi orientering frå dei fleste eiarane innan aktuelle tenester.</p> <p>Selje: Kulturelle spaserstokk, Selje, Eid og Vågsøy har fått tildelt 200 000,- til eit felles prosjekt. Korleis prosjektet skal vere i praksis er ikkje avklart enda. Det er ulike søkjarar frå kommunen til midlane, deriblant to pensjonistlag. Like eins som Stryn opplev rådet å ha god kontakt (får god orientering) frå administrasjonen og god informasjon knytt til årsbudsjett og kommunale planar.</p> <p>Gloppen: Mykje av arbeidet i rådet liknar det som har vore nemnt frå Selje og Stryn. Vi har ei utfordring med at dei ulike sakene kjem for seint til handsaming i rådet. Vi ønskjer at sakene vert presentert for rådet på eit tidligare tidspunkt (førebuande fase). Rådet opplev og at det ofte er krevjande å halde seg oppdatert/orientert p.g.a. store saksmengder.</p> <p>Saker vi har arbeidt med og hatt fokus på er mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none">- Utbygging av omsorgsplassar- Velferdsteknologi- Elektronisk tinging av billetter til offentleg transport- Fornyng av sertifikat for dei over 75 år



	<p>Bremanger: Råde må sjølv ta initiativ ovanfor administrasjonen om dei ønskjer orientering i ulike saker.</p> <p>Viktige saker som rådet har jobba med det siste året har vore:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legevaktordningar (mellom anna moglegheit for å ta opp fleire problemstillingar med legen samstundes/dobbeltime) - Tannhelsetenesten (lokalt tilbod) - Aktivitetsleiar ved eldresentert - Rutehefte i papir pr. post (ikkje berre digitalt) - Kjøp av billett manuelt på buss (ikkje berre elektronisk) - Parkeringsmoglegheiter ved kyrkja - Serviceskyss - Rutinar ved institusjonane - Lytteven (vanskeleg med omsyn til rekruttering) - Etablering av frivilligsentral - «Verdigheitsgaranti» (eldre som ikkje sjølv kan snakke for seg vert nedprioriterte). - Sein middag på sjukeheimane <p>Vågsøy: Rådet kom seint i gong, vart konstituert i mars 2016. Vi får bra informasjon frå tenesteleiar for helse og omsorg som er til stades på møta i rådet. Rådet har ikkje vore involvert i noko planarbeid. Økonomisjefen var tilstades og informerte om budsjettsaka i haust, men vi kom seint inn i prosessen. Rådet fekk moglegheit til å leggje fram uttale knytt til eigendomsskatt i kommunestyret.</p> <p>Kulturelle spaserstokken: I Vågsøy er det frivilligsentralen som søker om tilskot. Utfordrande å få informasjon om korleis eldre har det i kommunen, det er viktig å ha eit godt samarbeid med pensjonistlaget. Det er bra at rådet har to representantar frå laget som kan hjelpe oss med å få inn informasjon om viktige saker for eldre. Saknar opplæring for rådsmedlemar. Har arbeidt med å få til eit nytt fergeleie i Vågen.</p> <p>Eid: I tillegg til politiske saker som har vore handsama i rådet har rådet spesielt arbeidt med:</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Nærheit for eldre på institusjon» - Samarbeid med Sogn og Fjordane fylkesteater - Pasientvert på Nordfjord sjukehus <p>Rådet opplev å ha godt samarbeid med pensjonistforbundet. Får mange saker til handsaming i god tid men ønskjer i enda større grad kontakt med administrasjonen. Rådet saknar betre handsaming av «Den kulturelle spaserstokken» frå administrasjonen.</p>
<p>Drøfting og innspel</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Legetime • Fornyng av sertifikat • Struktur, tal møter o.l. • Sein middag • Avvikling eldredagen • Kurs i Nordfjord

	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel regional transportplan <p>Kommentarar:</p> <p>* Fylkesrådet ønskjer kopi av referatene frå møta i dei ulike eldreråda – det vil og vere interessant for dei å verte invitert til slike regionale møte som dette.</p> <p>* Tilskot frå staten til frivilligsentralar vert ikkje lenger gjeve direkte til sentralane, men vert gitt til kommunane (ikkje øremerka). Det er viktig at ein følger opp dette slik at midlane vert sett av til dette føremålet.</p> <p>* Fylkesrådet ønskjer at eldreråda skal kome med innspel til Regional transportplan. Kontakt informasjon til medlem i fylkesrådet Harald Kåre Ekroll, harald.ekroll@enivest.net tlf: 57874258/48155590.</p> <p>* Kort informasjon om møteplan og møtестruktur frå Eid eldreråd, sjå: https://eid.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=moteplan_utvalg&fradato=2017-01-01T00:00:00&utvalg=28&</p> <p>* Sein middag: https://sykepleien.no/2015/10/her-serveres-middagen-sent-men-godt</p> <p>Innspel frå dei ulike råda: maten bør sjå innbydande ut, den vert ofte servert på kvite bord og kvite fat. Maten bør smake godt og bør lagast på staden. Mange vi kjører middag til er ikkje ferdig med frokosten. Vanskelig økonomisk for kommunane. Det er ei utfordring å få plass til andre aktivitetar (t.d. fysioterapi) når det er «så mykje mataktivitet som skal inn på formiddagen».</p> <p>*Informasjon om middel til førebygging av einsemd hjå eldre: https://helsedirektoratet.no/tilskudd/aktivitetstiltak-for-a-motvirke-ensomhet-og-passivitet-tidligere-aktivitet-for-seniorer-og-eldre</p>
<p>Er det ynskje om eit felles møte årleg?</p>	<p>Semje om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samlingane skal vere på Nordfjordeid - Planlegging og gjennomføring skjer på rundgang mellom alle eldreråd - Eit møte til i september 2017, deretter årleg møte dersom det ikkje kjem saker ein bør drøfte saman <p>Stryn Eldreråd tek ansvar for agendaen til septembermøtet og sender "stafettpinnen" vidare for møtet i 2018?</p>

Helsing

Kristina Kostopoulos
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Alfred Bjørlo

Bjørlo

6770

NORDFJORDEID

Anne-Mari Aalberg	Elvebøen 6 B	6770	NORDFJORDEID
Margot Åsebø		6770	NORDFJORDEID
Nils Eivind Rognes		6779	HOLMØYANE
Nils-Helge Løkling			
Åse Liv Lote		6770	NORDFJORDEID
Åslaug Krogsæter			